

SAK 03/24 ÅRSMELDING 2024**Saksopplysning:**

Årsmelding 2023 for Regionrådet for Hallingdal er lagt ved som eige vedlegg.


Forslag til vedtak:

Hallingtinget godkjenner årsmeldinga for 2023.

Hallingdal, 11. april 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg: Årsmelding 2023



1. INNLEIING

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL er eit politisk samarbeids - og interesseorgan for dei 6 kommunane i Hallingdal. Regionrådet arbeider for å utvikle regionen og samarbeidet på tvers av kommunegrensene med særleg vekt på næringsetablering og arbeidsplassar, tilflytting og rekruttering, samferdsel, breibandutbygging og utdanning. Alle referat og saker ligg på www.regionraadet.no.

2. ORGANISERING OG LEIING

Hallingtinget er det øvste formelle organet i Regionrådet, med 5 representantar frå kvar kommune, der ordførar og vara ordførar er representert, i tillegg til tre andre politikarar. Rådmenn/Kommune- direktørar i alle kommunar er med på alle møte i Hallingting og Regionråd, med tale- og forslagsrett. I tillegg har Viken fylkeskommune vore representert på møtene med fylkesråd eller fylkesrådsleiar og med fylkestingsrepresentantane Iselin Haugo Stavn og Magnus Weggesrud. Administrasjonen i Viken fylkeskommune møter også.

Desse utgjorde Hallingtinget for perioden i 2019 – fram til valet i 2023.

Solveig Vestenfor er rådsordførar for perioden og Pål Rørby er varaordførar.

Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nesbyen	Flå
Petter Rukke ordførar	Solveig Vestenfor ordførar	Heidi Granli ordførar	Pål Rørby ordførar	Tore Haraldset ordførar	Merete H.Gandrud ordførar
Hanne Haatuft varaordførar	Ole-Egil Trinrud varaordførar	Herbrand Jegleim varaordførar	Petter Owesen varaordførar	Geir Olav Garthus varaordførar	Steinar A Steinarson varaordførar
Sigrid Simensen Ilsøy	Tore Bøygard	Leif Norhaug	Helene Sagabråten	Heidi Hovind Sezer	Tor Egil Buøen
Martin Grøslandsbråten	Ivar Brevik	Tom Rune S Blakkestad	Andreas Smith- Erichsen	Bård Heio	Geir Vidme
Nina Dalen	Jørund Li	Kristin Bakke Haugen	Norunn Rivedal	Linda Støvik	Anette Heiplass



Regionrådet for Hallingdal 2019 -2023

Etter kommunevalet 2023, vart desse valgt inn i Hallingtinget

Solveig Vestenfor er rådsordfører for perioden og Merete Gandrud er varaordfører.

Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nesbyen	Flå
Sigrid Simensen Ilsøy ordfører	Solveig Vestenfor ordfører	Heidi Granli ordfører	Pål Rørby ordfører	Anne kari Eriksen ordfører	Merete H.Gandrud ordfører
Sissel Hovland varaordfører	Jørund Li varaordfører	Tom Rune S Blakkestad varaordfører	Janne Brøndbo varaordfører	Kristian Noreng varaordfører	Tor Egil Buøen varaordfører
Guri T. Slettemoen	Dagfinn Bøygard	Kristin Bakke Haugen	Hege E. Falck- Andersen	Geir Olav Garthus	Steinar Andre Steinarsson
Hanne B. Haatuft	Torhild Helling Bergaplass	Leif Nordhaug	Richard Taraldsen	Bård Heio	Karen Johanne Gulsvik
Henning Solhaug	Ola Terje Oleivsgard	Jan Kattenberg	Inge Berthram Wahl	Anne Marie Kollhus	Kristin Gullingsrud



Regionrådet for Hallingdal 2023-2027

Regionrådet sin administrasjon i 2023

Dagleg leiar:	Jan Olav Helling
Seniorrådgjevar:	Knut Arne Gurigard – slutta i januar 2023
Rekneskap/IT	Målfrid Dusegard – slutta i oktober 2023
Regionalutviklar:	Jorun Utne frå april 2023
Klimakoordinator	Anita Elen Smette til nov – Guro Veslehaug frå nov.
Prosjektleiar	Annette Flaten
Prosjektleiar	Maria Grevsgård

3. MØTER OG SAKER I 2023

Hallingtinget: To dagarsmøte. 20 saker vart handsama.

Regionrådet: 8 møter. 70 saker vart handsama

Her er ein del av sakene det er arbeid med i 2023:



Sats på Hallingdal er regionens omstillingsprogram for å skape nye arbeidsplasser. I 2023 er det innvilga støtte til fleire spennande prosjekt og nettverk: Upstream - landbasert

fiskeoppdrett, gjennvinningsanlegg for overskotsmassar, vertikalt landbruk på

Geilo, Hallingskarvet besøkssenter, Grunderhub

i Hemsedal, Startup Extreme, bustadnettverk

Hallingdal og studiar i innovasjon, berekraft og

beredskapsleing på Torpomoen. Normec, Bruse

og Termopipe har fått støtte til å utforske nye

produkt og etableringar. Det er også

gjennomført ei ringverknadsanalyse av den

regionale sykkelsatsinga og så jobbar me med

eit traineeprogram og eit kvinnenettverk i

Hallingdal kvinnenettverk i Hallingdal. Sjå bilete



UTDANNING

Regionrådet har i fleire år hatt ei klar målsetting om



å bidra til fleire utdanningsplassar i Hallingdal. Dette gjed både vidaregåande utdanning og høgare utdanningsplassar. No ser det ut som om denne satsinga har lukkast og det er no fleire aktørar som tilbyr utdanning i dalen. Arbeidet med eit fullverdig Campus i Hallingdal har gått for fullt i heile 2023 og prosjektet fekk ein real opptur når det vart løyvd midlar over statsbudsjettet for å koma i gong. No er det klart at det blir oppretta 60 studieplassar innan innovasjon og beredskap, IT og digitalisering og lærarutdanning 1-7. trinn, med oppstart hausten 2024. Intensjonen er å utvikle tilbodet med fleire studieplassar og fleire studieretningar i åra framover.

Utdanningscenter Geilo (USG) tilbyr studiar i bedriftsøkonomi, fleire leiarutdanningar både på Geilo og på Torpomoen i tillegg til Fagskulestudiar innan hels, bygg og reiseliv. I tillegg tilbyr USN desentralisert sjukepleiarutdanning på Torpomoen. Totalt vil det vera om lag 250 studieplassar tilgjengeleg i Hallingdal frå hausten 2024



Bærekraft Hallingdal er eit grønt kompetansesenter for heile Hallingdal. Dei som er knytt til senteret arbeider i Regionrådet, i Hallingdal Næringshage, i kommunane og i Sparebankstiftelsen Hallingdal. Me samarbeider med næringslivet om ulike sertifiseringsordningar som Miljøfyrtårn og Bærekraftig reisemål, me jobbar tett på kommunane om felles klimaplan for Hallingdal og driv med kunnskapsformidling i heile dalen. Me jobbar også med ei rekke tiltak for å redusere avfallsmengde og energibruk og samtidig auke graden av gjenbruk og resirkulering. Frå 1. januar vil me ha ein fast ressurs på full tid for å organisere arbeidet med å rydde vassdraga våre for avfall. Bærekraft Hallingdal bidreg til å gjera Hallingdal til en betre plass for fastbuande og tilreisande!

SAMFERDSEL

Arbeidet for betre veg og bane i og til Hallingdal, er alltid ei prioritert oppgåve for Regionrådet. No er me i slutten av prosessen med ny Nasjonal transportplan og har i 2023 jobba intenst med innspel og høyringssvar til fylket, departementet og med transportkomiteen på Stortinget. Bilete er frå eit møte på Stortinget 16. nov 2024 der samferdselsutvalet fekk møte åtte politikarar frå transportkomiteen og Buskerudbenken.



Hallingdal si klare prioritering er:

- At det blir løyvd midlar til oppstart av fellesprosjektet Ringeriksbanen og E16 frå Skaret - Hønefoss i første halvdel av NTP 2025-2036.
- At det kjem statlege midlar til Vegpakke Hallingdal (Ørgenvika – Gol) i første halvdel av NTP
- At regulariteten på fjellovergane aust – vest (Rv7 og Rv52) blir vesentleg betra

Austvoll bru

Austvoll bru i Flå vart høgtideleg opna av ordførar Merete Gandrud 14. juni i år, med Solveig Vestenfor og Olav Skinnos Viken som heilagjeng og med om lag 70 fornøgde Flåværingar som deltakarar. Austvoll bru er resultat av ei samla regional prioritering.





Bu - og blilyst Hallingdal

Det har i 2023 vorte etablert eit bulystprogram i Hallingdal. Programmet er støtta av Viken fylkeskommune, Husbanken og Sats på Hallingdal og skal ha fokus på **Bustadutvikling -Trivsel og tilhørigheit - Attraksjonskraft**

Me ønskjer å samarbeide om å tiltrekke oss fleire folk, behalde dei som er her, løyse bustadsutfordring og finne ut kva tiltak som virkar fordi
DET ER FOLKA SOM TELLER

Arrangement der Regionrådet er med som støttespelar eller medarrangør

Yrkesmessa på Storefjell, Hallingdalskonferansen, Startup extreme, Vannhull *4

4. VERV

For valperioden 2019 –2023, var desse valt:

FORA/TILTAK	MEDLEM	VARA
Rådet til Fjellnettverket	Heidi Granli Pål Rørby	Tore Haraldset Merete H. Gandrud
Styret for Fjellnettverket	Solveig Vestenfor	
Styre for Hallingdal Næringshage	Merete H. Gandrud	
Fagrådet i Hallingdal Etablerersenter	Heidi Granli	
Styre Forum Nye Bergensbanen	Heidi Granli	Petter Rukke
Representant til SLT	Petter Rukke Tore Haraldset Merete H. Gandrud	
Styre for Hallingdal Folkehøgskule	Solveig Vestenfor	Merete H. Gandrud
Styre IS Rv7	Tore Haraldset	
Arbeidsutval Forum Nye Bergensbanen	Knut Arne Gurigard	
Arbeidsutval Fjellnettverket	Dagleg leiar	
UngInvest AIB avdeling Hallingdal	Pål Rørby	
Samferdselsutvalet	Heidi Granli Petter Rukke Pål Rørby	
Representant til Klima Viken	Merete H. Gandrud	
Styret i Sats på Hallingdal	Solveig Vestenfor Pål Rørby Jan Olav Helling	
Styret i Innovasjon Hallingdal	Solveig Vestenfor	
Styringsgruppe Campus Hallingdal	Heidi Granli Pål Rørby Jan Olav Helling Karsten Dideriksen	

For valperioden 2023 –2027, er desse valt:

FORA/TILTAK	MEDLEM	VARA
Rådet til Fjellnettverket	Solveig Vestenfor Pål Rørby	Heidi Granli Anne Kari Eriksen
Styret for Fjellnettverket	Forslag: Sigrid S. Ilsøy	
Styre for Hallingdal Næringshage	Sigrid S. Ilsøy	Pål Rørby
Fagrådet i Hallingdal Etablerersenter	Pål Rørby	Sigrid S. Ilsøy
Styre Forum Nye Bergensbanen	Solveig Vestenfor	Heidi Granli
Representant til SLT	Merete Gandrud Anne Kari Eriksen Sigrid S. Ilsøy (leiar) Hege Mørk Karsten Dideriksen Ola Frogner	Odd Egil Stavn Anders Halland Ole Johnny Stavn Heidi Granli Solveig Vestenfor Pål Rørby
Styre for Hallingdal Folkehøgskule	Merete Gandrud	Anne Kari Eriksen
Styre IS Rv7	Tor Egil Buøen	Avviklast
Arbeidsutval Forum Nye Bergensbanen	Jan Olav Helling	
Arbeidsutval Fjellnettverket	Jan Olav Helling	
UngInvest AIB avdeling Hallingdal	Anne Kari Eriksen	Merete Gandrud
Samferdselsutvalet	Solveig Vestenfor	Heidi Granli
Operativt arbeidsutval innan samferdsel for RR	Petter Rukke Tor Egil Buøen Ole Johnny Stavn Jan Olav Helling	
Representant til Klima Viken	Merete Gandrud	Anne Kari Eriksen
Styret i Sats på Hallingdal	Solveig Vestenfor Pål Rørby	
Styret i Innovasjon Hallingdal	Sigrid S. Ilsøy	Heidi Granli
Styringsgruppe Campus Hallingdal	Heidi Granli Pål Rørby Jan Olav Helling Karsten Dideriksen	
Leiar Vassområde Hallingdal	Forslag: Anne Kari Eriksen	
Leiar Hallingdal brann og redning	Pål Rørby	Merete Gandrud
Leiar Hallingdal Renovasjon		
Kontaktperson Vidju Holding	Heidi Granli	Sigrid S. Ilsøy
Kontaktperson Hallinghelse	Merete Gandrud	Heidi Granli
Kontaktperson VINN AS	Sigrid S. Ilsøy	Heidi Granli

5. ØKONOMI

Rekneskapet til Regionrådet for 2023 viser eit overskotet på kr. kr. 250 884.

Disposisjonsfondet vart redusert frå kr. 822 513,44 i ved utgangen av 2022 til kr. 386 000 ved utgangen av 2023.

6. OPPSUMMERING OG FRAMTIDUTSIKTER

I Hallingdal klarar me oss fortsatt svært bra samanlikna med andre distriktsregionar. Me har

også i 2023 hatt ein solid folketalsvekst, og totalt var det 395 fleire Hallingar på slutten av 2023, enn det var året før. Folketalet har faktisk stige med 809 personar dei to siste åra! Hovudforklaringa er busetting av ukrainske flykningar. Hadde det ikkje vore for ukrainarane ville det vore ein svak nedgang totalt sett.

Næringslivet i dalen er i ferd med å reise seg etter nokre ekstremt utfordrande år med pandemi, høge straumprisar og generell råvaremangel grunna krigen i Ukraina. Det er fortsatt mindre byggeaktivitet, høge prisar og høg rente, men byggenæring ser lys i tunnelen og turistnæring og handelsnæring har hatt eit betre år enn på lenge. No er det viktig at kommunane ikkje trappar ned stimuleringa av næringslivet, men at alle dei gode initiativa som kjem med næringshagen, etablerersenteret, grunderhub i Hemsedal og Sats på Hallingdal, blir følgt opp av kommunane og næringa sjølv.

I tillegg til tradisjonell næringsutvikling, er «kampen om arbeidskrafta» kampen for å endre utanforskap til innanforskap, i full gong. For å vinne desse kampene, må regionen tenke utradisjonelt og gjera dei rette grepa med tanke på organisering og samarbeid. Me må ikkje berre si at me er ein bu- arbeids og utdanningsregion, me må vera det i praksis!

I tillegg å skapa levelege vilkår for næringslivet og stimulere til vekst innanfor nye næringar, er det viktigare enn nokon gong å samarbeide om skule, utdanning og kompetanse. Det har aldri vore fleire utdanningssatsingar i gong enn det som er no. Campus Hallingdal startar opp frå hausten 2024, USG har fleire studieløp i gong på Geilo, og både USG og USN har høgare utdanningstilbod på Torpomoen. Totalt vil det vera tilbod om omlag 250 studieplassar på høgskulenivå i Hallingdal frå hausten 2024. Når det gjeld vidaregåande skular, vil Regionrådet følgje nøye med framover. Me veit at Buskerud fylkeskommune har dårleg økonomi, og Hallingdal må derfor vera budd på å kjempe for å halde på både skulane og utdanningstilbodet ved dei vidaregåande skulene. Det er ekstremt viktig for Hallingdal at me kan gje eit godt vidaregåande tilbod til ungdomen vår.

På Samferdselsområdet går utviklinga sakte og av og til i feil retning. Forkortinga av Bergensbanen, som ville gitt Hallingdal eit real dytt, ligg ikkje inne i NTP som var framlagt i mars. Det må jobbast for å få den inn att før vedtak i juni. Vegpakke Hallingdal Ørgenvika - Gulsvik, samt strekningsvise utbetring av Rv 7 og RV 52 inkl. fjellovergane ligg inne, så her er arbeidet med å sikre oppstartsløyving i full gong. Kollektivtransporten i dalen er også under press og har vore kutta med 45 mill. i Buskerud. Resultatet er at med får behalde Hallingbussen, men må tåle rutekutt på ca. 12% på dei interne bussrutene. Dette vil ramme Reisande, spesielt ungdom og klima. Derfor må me fortsette å jobbe med alternative løysingar for kollektivtransport i distrikt.

Hallingdal har over år vist at samarbeid, kreativitet og offensiv tenking er eit godt grunnlag for ei positiv utvikling. Me er landets største reiselivsregion, me har 20000 hyttehallingar i dalen, det skjer spennande ting i industrien og på utdanningssida. I tillegg satsar me stort på klima og berekraft gjennom Hallingdal berekraftsenter. Målet er lågare utslepp, redusert forbruk og ein grønar dal. Saman med dei andre satsingane og «folka» i dalen gir alt dette nokre moglegheiter som kan bidra til å skape attraktive lokalsamfunn som nye innbyggjarar vil koma til, der folk trivast og der ein har spennande og varierte arbeidsplasser og fritidstilbod.

Hallingdal 15. april 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar i regionrådet